

Månedsbrev mars

Drømme-
hagen



Me ser tilbake på februar.....

Me har leika med traktorer og dyr, og blant anna snakka om kva bonden gjer om vinteren. Me har hatt karneval med fest og futt, -det var gøy å kle seg ut og kose seg med pølse og gele.

Me ser god lek både inne og ute. Gode vennskap spring frem, og barna gjer tydelig uttrykk for at dei liker å vere ilag.



I mars ser me fram til

Kva skjer i naturen om våren? Kva er det som spirer og gror? Kva fuglar ser me ute nå? Korleis er livet på garden om våren?

Me har mykje å vere nysgjerrige på. Me vil blant anna sjå på kva som skjer i naturen nå om våren, og bruke naturen som ein arena for lek, undring utforskning og læring.



"Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremjer evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider."

Rammeplanen, s.52

Me gratulerer!

Tiril 2 år 15.mars!
Thea 3 år 19.mars!

HIPP HURRA!!!



Velkommen

til William! Me gler oss til å bli kjent med deg!

Hugs:

- Me starter samlingane kl.09:00
- Det vert foreldremøte tirsdag 19.mars kl.19:30-21:30. "Å velge det varme blikket" med Liv Berit Heimstad Tønnesen. Meld dykk på liste som heng i garderoben!
- Det blir påskekos m/familien i Berget, torsdag 4.april kl.15:00. Meir info kjem...
- Foreldresamtalane blir i veke 13. Lapp med tider kjem i hylla til barnet ditt.

Sanger, rim og regler:

- Alle fugler
- Nå er det vår
- Blomster små
- Skinn på meg sol